



NATURVERNFORBUNDET NORDHORDLAND  
Hoplandsjøen, 74  
5943 AUSTRHEIM  
Att. Jan Nordø

Saksbehandlar, innvalstelefon

Solveig Kalvø Roald, 5557 2327

## Tilsegn med forskotsutbetaling av tilskot til tiltak for truga naturtypar - Skjøtsel av kystlynghei – Øksnesmarka - Naturvernforbundet – Austrheim kommune - 2023

---

**Naturvernforbundet Nordhordland får tilsegn om 60.000 kroner til skjøtsel av kystlynghei i Øksnesmarka. Tilskotet vert betalt ut som forskot. Det er knytt vilkår til tilskotet.**

---

### Innleiing

Vi viser til søknad om 200.000 kr til vidareføring og utviding av ryddeprosjektet i Øksnesmarka der de i samarbeid med to lokale bønder, begge grunnleigerar, og lokale skogsarbeidarar, ønsker å fjerne framande treslag, inkl. sitkagran frå området.

De ønskjer no å arbeide på eit større nes nord i området og i eit restområde i Øksnesmarka sør.

### Regelverk

Ordninga med tilskot til truga naturtypar er heimla i forskrift om tilskot til trua naturtypar. Føremålet med ordninga er å bidra til å ta vare på trua naturtypar slik dette er definert i Norsk raudliste for naturtypar, jf. forskrifta § 1. Grunneigarar, privatpersonar, frivillige organisasjonar, kommunar, verksemder og institusjonar kan mellom anna få tilskot til:

- skjøtsel og vedlikehald
- tilpassa bruk på areal som inngår i drifta av landbruksforetak
- gjerding
- kartlegging og overvaking i tilknytning til tiltak.

Søknader om tilskot til tiltak for dei utvalde naturtypane og dei trua naturtypane som er høgast prioriterte (gruppe 1) i oppfølgingsplanen for trua natur, skal ifølgje retningsliner frå Miljødirektoratet prioriterast. Det same gjeld tiltak der kunnskapsgrunnlaget er godt.

Når forvaltninga tildeler tilskot gjeld prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 som retningsliner ved avgjerda. Vurderinga av miljørettsprinsippa skal kome fram i grunnjveinga.



## Vår vurdering

Statsforvaltaren har motteke søknadar om tilskot til tiltak for trua naturtypar med samla søknadssum langt større enn midlane vi har til rådvelde. Vi har difor vore nøydde til å prioritere.

De har tidlegare fått støtte til dette prosjektet, og områda som er rydda blir no beita av om lag 50 villsauar og til dels vanlig sau. Det er svært positivt at området blir restaurert til kystlynghei, og at det blir tatt i bruk og skjøtta med beiting og brenning. Området er registrert i Naturbase som ei viktig kystlynghei, og har dermed status som Utvald naturtype. Tiltaka de vil gjennomføre er viktige for å ta vare på kystlynghei som naturtype, og i tråd med skjøtselsplan som er utarbeidd for området, og skal dermed prioriterast høgt. Likevel har vi diverre ikkje midlar til å fullfinansiere desse tiltaka, og ut frå ei skjønsmessig vurdering av tiltaka sett opp mot det vi har tilgjengeleg av midlar, gjev Statsforvaltaren med dette tilsegn om 60.000 kr i tilskot. Dette er også det de oppgjev som minste tilskotssum for gjennomføring. Sidan dette er mindre enn det de har søkt om, må de sjølv prioritere korleis du best kan nytte desse midlane no i år.

Tiltaket er i samsvar med skjøtselsplan og tilrådd skjøtsel for naturtypen, og inneber ikkje risiko som tilseier at dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova § 8 - 12 treng nærare kommentar.

## Avgjerd

De får tildelt 60.000 kr. Sidan tiltaka er i samsvar med skjøtselsplan, og sidan dei i hovudsak skal gjennomførast i løpet av vinteren, ser vi det som praktisk for begge partar at tilskotet vert betalt ut med éin gong. Vi ber likevel om at de leverer inn ein årsrapport på slutten av året, så vi har oversikt over korleis midlane blir nytta. Som det går fram av vilkåra under, kan tilskotet krevjast heilt eller delvis attende dersom tiltaket ikkje blir gjennomført etter føresetnadene i søknaden.

Tilskotet på kr 60.000 vert utbetalt til kontonummer 3632.52.09695 med det første.

## Vilkår

- Sluttrapport skal leggjast inn i elektronisk søknadssenter innan 1. oktober inneverande år.
- Dei som er rekneskapspliktige etter rekneskapslova, skal ta vare på bilag i minst fem år etter avslutting av rekneskapsåret.
- Riksrevisjonen og Statsforvaltaren har rett til å føre tilsyn med at tilskotet vert nytta i samsvar med føresetnadane
- Tilskotet kan krevjast heilt eller delvis attende dersom tiltaket ikkje er gjennomført etter føresetnadene i søknaden.

## Klage

Vedtaket om tilskot kan klagast til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Klagefristen er tre veker etter at dette brevet er motteke. Ein eventuell klage skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Du har rett til å gjere deg kjend med dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 18 og 19.



Med helsing

Johannes Anonby  
seniorrådgjevar

Solveig Kalvø Roald  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Austrheim kommune

Kommunehuset

5943

AUSTRHEIM